



## SAKSGANG

Saksbehandlar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Torkjell Tolo	N - 654	15/85

### HØYRINGSUTTALE TIL NVE OM KONSESJONSSØKNAD FOR ØVRE ÅRVIKELVA KRAFTVERK

*Dokument i saka:*

***Saka blir avgjort av:***

Rådmannen

***Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.***

Delegasjonsreglement for Jondal kommune § 5.

Saka vert handsama etter vassressurslova

Kommuneplan for Jondal kommune 2012–2022 Arealdelen

Kommunedelplan for Mauranger–Ænes

***Saksopplysningar:***

Frå NVE har kommunen fått konsesjonssøknad for bygging av småkraftverk i Årvikelva til uttale. Småkraft AS er søker. Kommunen skal særskild vurdera utbyggingsplanane i høve til kommuneplanar og elles gje ei kort framstilling av lokale interesser knytt til prosjektet.

Høyringsfristen er sett til 20. mai 2018.

Saka er handsama som ei delegert sak i Jondal kommune på grunn av kort høyringsfrist.

Søknaden ligg i område regulert til LNF i kommunedelplan for Mauranger–Ænes som Jondal kommune har overteke frå Kvinnherad i samband med grensejustering i 2013. Vassdraget er allereie utbygd i nedre del. Denne utbygginga var i utgangspunktet søkt om inntak over fossen. Dette vart etter høyringsrunden justert til under fossen. Strekninga som det er søkt om ligg over denne fossen.

Tema	Konsekvens	Usikkerhet
Vanntemp., is og lokalklima	Liten negativ	Liten
Ras, flom og erosjon	Ingen negativ	Liten
Ferskvannsressurser	Ingen negativ	Liten
Grunnvann	Liten negativ	Liten
Brukerinteresser	Liten til middels negativ	Liten
Rødlisterarter	Ingen negativ	Liten til middels
Terrestrisk miljø	Middels negativ	Liten til middels
Akvatisk miljø	Middel til liten negativ	Liten til middels
Landskap og INON	Middels til stor negativ	Liten
Kulturminner og kulturmiljø	Liten negativ	Liten
Reindrift	Ingen negativ	Liten
Jord og skogressurser	Ingen negativ	Liten
Oppsummering	Middels til liten negativ konsekvens	

Verknader for natur og miljø:

Samfunnsmessige positive verknader av kraftutbygginga vert:

- styrking av næringsgrunnlaget for grunneigarane
- oppdrag til lokale bedrifter og arbeid i anleggsfasen
- Arbeidsplassar i driftsfase
- Skatteinntekter til det offentlege.
- Sikra leveringstryggleik for straum
- Reduserte klimagassutslepp

#### ***Vurdering:***

Småkraft AS ynskjer i samarbeid falleigarane å utnytte vassfallet i Årvikelva. Planlagt produksjon 9,2 GWh.

Årvikelva er allereie utbygd i nedre del med tilhøyrande veg til inntaket. Inntaksdam på 0,5 til 1 meter høgd med ei lengd på om lag 25 meter. Samla areal på inntaksdammen vert 300–500 m<sup>2</sup>. Trykkledningen vert nedgreven, delvis i sprengt grøft.

#### **Vedtak**

Ein tilrår konsesjon som omsøkt for Øvre Årvikelva kraftverk på vilkår av at det vert laga ein plan som viser korleis anleggsdrifta er tenkt gjennomført i høve til skånsemd overfor natur og estetikk i området som vert råka.

Vedtaket er gjort etter delegasjon, og kan påklagast til Jondal kommune.

Klagefristen er 3 veker frå den dato De mottek dette vedtaket, evt. klage skal vera skriftleg og sendast til:

Jondal kommune , 5627 Jondal